

Mykje nedbør og store vassmengder.

23.11.2017



Uskedalselva var på sitt største i dag.

Frå midnatt til kl. 15 i dag er det registrert 65 mm nedbør på målestasjonen i Korneset. Om regnet held fram, kan det bli rekord innan utgangen av dagen. På Haugland er det på eit døger, frå kl. 07 i går til kl. 07 i dag tidleg, registrert over 80 mm nedbør. Det har truleg kome meir nedbør på Haugland enn i Korsneset i dag.



Det er sjeldan ein ser Tverrelva i Kvitlane så stor som i dag. Bilete er frå tida kring kl. 10.

Ein tur rundt i Ukedalen i dag syner at det er store vassmengder i Uskedalelva og i sideelvane. Eikeelva er stor og frå dei som bur tett ved elva, vert det fortald at det er mykje ramling og dur frå steinar og lausmassar i røse ned brattaste hengen før Eikebrua.

Frå dei som bur på Haugland vert det meldt om at Tverrelva og elvane i Kvitlane er på det største. Det er sjeldan ein ser elva så stor som i dag. Ved Djupehølen og ved Uskedalbrua går elva inn på Bakkane.



Det var rikeleg med kvernvatn på Rød i dag.

Det er registrert skade på grus- og sidevegar.

Tekst/foto/ nett: Kristian Bringedal



Det er gjort skade på nokre grus- og sidevegar.